



Fosland kraftstasjon anno 1926.

** Tine kulturkontor.*

TIME I HØGSPENN

LARS GAUTE JØSSANG

For Jærbuen av i dag er elektrisiteten ein sjølvsgd og umissande ting. Går straumen, stoppar både siloheisen, vaskemaskinen og PC-en. Og då veit me mest ikkje kva me skal gjera. Effektive har me blitt, men også svært sårbare.

Time fekk straum for knapt hundre år sidan. Igongsetjinga av Fotland kraftstasjon i 1915, varsla nye tider. I denne artikkelen skal me sjå korleis det heile gjekk til, og peika litt på verknadane. her kan me berre ropa at "Elektricitetssagen" blei ei varm politisk potet.

1. Innleiing¹

På pinseafta den 22. mai i 1915 hadde fleire Timebuar stimla saman i sentrum². Folk visste at kraftstasjonen på Fotland var ferdig og at ljospremiæren nærma seg. Rykta sa til og med at anlegget skulle prøvekjørast nettopp denne dagen. Men ville systemet verka? Var utrekningane til ingeniørane å lita på? Ville den blytunge og svarte generatoren, som både hestar og folk hadde skamslite seg på, verkeleg produsera straum? Kunne ikkje desse nymotens greiene verta meir til bry enn gagn? Kan henda romsterte slike tankar under sixpensar og hattar denne maikvelden.

Men teknikken svikta ikkje. Det kom verkeleg ljøs i dei elektriske pærene, og gasslyktene blei med eitt merkeleg gammaldagse. Skeptikarane laut berre vedgå at vatn på mystisk vis kunne gjerast om til ljøs. Samstundes var det vel få som retteleg skjønna kva nyttepotensiale elektrisiteten rømde. Men dei mest framsynte må ha augna større fart på industrihjula, færre tunge tak for bøndene og lettare husarbeid for kvinnene. For elles er det vanskeleg å tenka

seg at straumvisjonane hadde blitt realiserte." Pinseunderet" løyste i alle fall ut ei dynamisk og samfunnsomformande kraft. Det stod fast.

Det er opptakten, gjennomføringa og fylgjene av elektrisitetsrevolusjonen i Time som her skal greiast ut. Den utfalda seg i eit sosialt rom som slett ikkje låg fast. Då 1800-talet gjekk mot slutten, hadde det for alvor begynt å knaka i den gamle samfunnslekamen. Eit nytt Time var i ferd med å bryta fram, og med veene fylgde skrik og skrål. Det oppstod nye konfliktflater, og "Elektricitetssagen" er i så måte eit godt døme. Ho blei eit heitt tema frå dag ein av. Ein breiare introduksjon til Time-samfunnet vil visa desse samanhengane. Me startar difor med befolkningsutvikling, av mange oppfatta som den viktigaste drivkrafta i historia.

Når bakteppet er på plass, vert "Elektricitetssagen" analysert som politisk prosess. Det sentrale spørsmålet vil her vera kven som dreiv ho fram, og kva måte dette vart gjort på. Elektrisitetsforsyning blei vidare eit nytt forvaltingsområde, og i ei tid prega av uro, sterk prisstiging og krig, var det ikkje all-

tid så enkelt å finna samlande og gode løysingar. Flaskehalsane, eller dei energipolitiske utfordringane, kom så tett at kraftverksbyggarane etter kvart fekk mykje å tenka på. Elles er det naturleg å undersøka kva straumen vart brukt til og korleis han påverka kvardagen til folk flest, det ein litt fint kan kalla elektrisitetseffekten. Det siste avsnittet om Time-veven er eit forsøk på å nesta dei ulike trådane i hop, og utvida perspektivet noko. Men fyrst i løypa ligg den lokale samfunnsutviklinga.


2. Bondesamfunnet slår sprekker

2.1 Populært i sentrum

I figur 1 er folketalsutviklinga i Time frå 1800 til 1930 synleggjort i grove trekk. Moderat vekst, eller bortimot stillstand, var typisk for 1800-talet. Dette gjeld særleg frå 1835 til 1885. Heile fødslesoverskotet blei då på det næraste kanalisert ut av heradet⁶. Tilgangen på nye levebrød må ha vore minimal. Framfor å stanga hovudet mot veggjen heime, søkte ungdomane seg ut. Dei fór anten til nærliggjande byar, eller over blåmyra til Amerika⁴. Det danna seg jamvel ein liten Time-koloni "over there"⁵.

Men dette ulivssåret blei lækt og heradet kvikna til før hundreåret rann ut. Ein sterk folkevekst sette inn, og i 1910 budde meir enn 3000 menneske i Time (kfr. fig. 1). Tjue år seinare hadde innbyggartallet passert 4000. Veksten var i fyrste rekke lokalisert til området rundt Thime station. Berre på eit tiår (1910-1920) vart folketalet her meir enn dobla. Av ei samla befolkning på vel 3600 budde i 1920 over 1160, eller 32 %, i sentrum. Stasjonsinnbyggarane kunne ikkje lenger sjåast på som noko perifer og marginal gruppe i kommunen.

FIGUR 1: Folketalsutvikling i Time herad og Thime stasjon 1801-1930.



Dei gode menn i Time hadde ikkje sett for seg ei slik utvikling. I utgangspunktet fortonte Bryne-garden seg som utkant⁶. Men Jærbanen og etableringa av Thime station stilte fort andre sentrumsalternativ i skuggjen. At området i 1892 fekk status som bygningskommune, nørte også sterkt opp under tettstadutviklinga⁷. På det administrative området medførte nyordninga at sentrumsinnbyggarane fekk sjølvstyre med egne forvaltingsorgan⁸. Dermed blei det også meir legitimt å målbera bypolitiske standpunkt i Time.

2.2. Bærekraftig økonomi

Det er rimeleg å kopla folkeveksten til økonomiske endringar. Sidan jordbruket betydde så mykje, må oppgangen på ein eller annan måte ha med denne basisnæringa å gjera. Og her treng ingen vera i tvil. Jan Serigstad dokumenterer overtydande at Time-jordbruket vart grunnleggjande endra mot slutten av

1800-talet. Det fann for det fyrste stad ei betydeleg nydyrking, over 9000 mål blei vende mellom 1865 og 1907. Av dette vart storparten, eller over 80%, lagt ut til grasproduksjon⁹.

Ein kan sanneleg spørja om åkerbruket var på veg ut. Svaret må bli ja, men då med visse atterhald. Sett over tid og målt i absolutte tal heldt havreproduksjonen rett nok stillinga si. Men at stendig meir av havremjølet hamna i dyremagane var nytt¹⁰. Den sterke satsinga på rotvekster skipla óg den tradisjonelle bruken av åkerjorda. Når turnipsavlingane auka med astronomiske 4680% frå 1875 til 1900, vitnar dette om nytenking og sterk omprioritering¹¹. Åkrane skulle no på ein heilt annan måte enn før skaffa mat til husdyra. Også den intensiverte høvavlen må sjåast i dette perspektivet. Når gjennomsnittsavlinga per bruk på nokre tiår steig med 58,2%, frå 7882 kg til 12471,5 kg, fortel dette ikkje berre om nydyrking, men óg om betre kultivering. Slik skaffa bøndene seg både meir og betre fôr enn tidlegare.

Den intensiverte forproduksjonen gav rom for fleire storfe. Såleis steig dyretalet med 854, frå 2236 til 3090, i perioden 1865-1907¹², vel halvtanna dyr per besetning.¹³ Når ein samstundes veit at bøndene vart mindre knipne med fôret, fekk "Creaturene" også eta seg nokolunde mette. Dermed var grunnlaget også til stades for betre avdrått. Jamført med landsgjennomsnittet var Time-kyrme lenge kleine mjølkarar. Men dette endra seg ved århundreskiftet. I 1907 presterte Time-kua 1500 liter for året medan "landskua" berre kunne skilta med 1279 liter.¹⁴ Serigstad har også tal som viser betre slaktevekter, spesielt for stutane.¹⁵

Me kan slå fast at det gamle og tradisjonelle åkerbruket stagnerte og eit nytt jordbruk med vekt på husdyr kom i staden sist på 1800-talet. Dette skul-

dast fleire ting. For det fyrste steig talet på Timebuar, Sandnes-folk, siddisar og Kristiania-innbyggjarar ganske sterkt. Alle desse trong mat, og behovet for smør, mjølk og kjøt vart større. For det andre blei kommunikasjonane radikalt forbetra. Berre frå 1855 til 1911 auka veglengda i Time med 40 kilometer.¹⁷ Heradet blei såleis betre knytta i hop, og med jernbanen rykka også Sandnes og Stavanger, med utskipningshamner og veksande folkemengd, mykje nærmare. Men prisrørslene på "landmandens produkter" verka også inn. Det heimeavla kornet blei for dyrt i høve til importkornet. I ei tid med stigande skattenivå og høgare krav til levestandard kasta det tradisjonelle åkerbruket rett og slett for lite av seg. Samstundes med dette steig prisane på dei "nye" husdyrprodukta, og ei omlegging tvang seg nærast fram av økonomiske grunnar.¹⁸

Med det nye og salsorienterte jordbruket fylgde også ein kapitalistisk mentalitet. I motsetnad til tidlegare var ikkje spørsmålet så mykje sjølvberging, som det å venda mest mogleg av årsavdrått i klingande mynt. Dermed blei også innkjøp av arbeidssparande hestereiskapar aktuelt. Når hestetallet steig frå 444 til 888 i perioden 1865-1917, er det ein klar indikasjon på at halvmekaniserte og meir effektive driftsformer var på frammarsj.¹⁹ Den sterke satsinga på svin og fjørkre som óg kan sporast, er eit utslag av den same tendensen.²⁰ Kroner og øre, utlegg og fortene kom såleis til å oppta bøndene mykje meir enn før.

Eit herad med folkevekst og ekspansivt jordbruk gav opningar for både industrigründarar og meir "serviceinnstilte" folk. Lokale næringsmiddelentreprenørar kunne i alle fall ikkje klaga på råstofftilgangen. Dei private meieriframstøytane i 1880-åra bleikna mot det livskraftige samyrketiltaket som



Levering av mjølk til Jæren Meieri rundt 1908.

* Time Bibliotek.

kom i 1898.²¹ Jæderens Meieri blei ganske fort ein stor arbeidsplass, og i 1915 hadde 4 menn og 17 kvinner her sin daglege dont. Same året kom òg meieri på Undheim. Korn vart også male innan heradsgrensene. Alt i 1865 kom det ei mindre mølle på Fotland. Femten år seinare starta Bryne mølle opp, og i 1923 sysselsette den 8 mann. Same året

oppretta også Jærens Forbruksforening ei einmannsmølle. På det travlegaste var omlag 10 møllearbeidarar i sving på heiltid i Time. I sentrum vart det også plass til slaktarar, pøsemakarar og bakarar. At ein "mineralvarefabrik" blei etablert, høyrer og med i biletet.²² Time hyste såleis mange, men små næringsmiddelverksemdar.

Framveksten av det halvmeikaniserte jordbruket krevde eit breidt spekter av ulike hestereiskapar. Dei mange småsmiene som fanst i Time, hadde korkje teknologi eller kapasitet til å stetta bøndene sine behov på ein fullgod måte. Potensielle reiskapsprodusentar måtte tenka utover garden, grenda og bygda sine behov. Og nettopp det gjorde O. G. Kverneland i 1870-åra. Han satsa på ljaar og plogar og blei fort den store på jern- og metallside i Time. I 1915 hadde han nærare 50 mann i arbeid. Så mange hadde korkje Serigstad Maskinverkstad eller Bryne mek. Verkstad. Men med 6 og 14 arbeidarar på lønningslistene, var heller ikkje desse verksemdene til å kimsa av.²³

Med den store folketilstrøyminga skaut også husbygginga fart. Innan trevaresektoren blei syskenparet Jens og Kristoffer Hetland føregangsmennene. Dei starta i 1912, midt under den store byggeboomen, og må ha gjort det godt. I 1915 arbeidde 8 mann hjå dei. Som eit av dei store sauedistrikta er det heller ikkje å undrast på at Jæderens Uldvarefabrikk nettopp kom i Time. Fabrikken som blei starta i 1896 hadde i 1915 ein kvinnedominert arbeidsstokk på 70, betydeleg større enn Kvernelands Fabrik då hadde.²⁴

Når talet på "Handelsmænd" i Time blei fordobla - frå 10 til 20 - fram mot 1910, viser det også ein "serviceøkonomi" i vekst i stasjonsbyen.²⁵ Bellesens Hotell var vel etablert i 1890-åra - til glede og hugnad for kunstnarar, forfattarar og handelsreisande. Thime Privatbank blei stifta i 1886, og 20 år seinare var Jæderens Privatbank eit faktum. I 1908 kom også apotek i stasjonen, og hoppar ein fram til 1919, begynte Jonas Jørstad med bokhandel. Tre år seinare prøvde Carl Refsnes seg med drosjekjøring, og i 1925 opna Mauland ein barber- og frisørsalong.²⁶



Butikkdamer ved Jæren Uldvarefabrikk sitt utsal på Bryne. Frå v. Martha Rommelveit og Borghild Bringeland g. Ueland. Vanleg arbeidsantrekk for butikkdamer på den tid var svarte lasting forklede. (ca. 1935/36).

** Time Bibliotek.*

Tek ein med post- og jernbanebetjentane, var det mange med "fint" arbeid ved inngangen til 20-åra.

Nye sosialgrupper hadde vakse fram i Time. Ser ein på den yrkesaktive befolkninga, dvs. alle personar på 15 år og oppover, avteiknar dette mønsteret seg. Talet på bønder, konene inkludert, steig i perioden 1865-1910 i absolutte tal frå 1156 til 1391. Likevel sokk den relative andelen med 6 prosent (frå 76,8% til 70,6%). Kategorien industriarbeidarar utgjorde i 1865 berre 40, eller knapt 2,5% av den samla folkemengda. I 1910 sokna over 250, eller 13% prosent til denne gruppa. Skal ein tru Serigstad sine overslag, var det berre ein mann som levde av handel, omsetjing, samferdsle, offentleg arbeid og privat immaterielt arbeid i 1865. Men dette endra seg dramatisk. Ved folketeljinga i 1910 kunne ca. 90 plasserast i denne gruppa, noko som utgjorde ca. 3%.²⁷

Til dette talmaterialet er det knytta mykje uvisse. Me vil likevel festa lit til hovudtendensane. Då

synest det i alle fall klart at agrargruppa, med alt den rømde frå husmenn til storbønder, framleis dominerte det sosiale landskapet i 1910. Men posisjonen var ikkje så suveren lenger. Dei over 250 industriarbeidarane viste igjen. Det same gjorde den nye sosiale eliten av disponentar, "bestillingsmenn" og folk i såkalla frie yrke. Dette vesle men mektige borgarskapet let seg ikkje utan vidare dirigera av bøndene. Heller ikkje den nye industriarbeidarklassa identifiserte seg nødvendigvis med det gjengse verdigrunnlaget.

2.3 Kulturelt mangfald

"Associationsaanden", eller trongen til å skipa lag og foreiningar av ymse slag, slo også rot i Time. Lye Sogneselskap, etablert i 1830, var truleg det fyrste organiserte føretaket. Fram mot århundreskiftet kan ein visseleg snakka om ei foreiningsbylgje. Dersom ein skil mellom idealistiske og meir økonomisk motiverte lag, kan denne lista setjast opp.²⁸

IDEALISTISKE LAG

- 1849: Thime Afholdsforening
- 1862: Thime kvinneforening
- 1867: Thime Sogns Fredsforening
- 1869: Fråhaldslag skipa av Asbjørn Kloster
- 1878: Thime (Bryne) eldre kvinneforening
- 1879: Thime Ynglingeforening
- 1879: Thime kristelige Ungdomslag
- 1883: Thime Skytterlag
- 1885: Thime frivillige kristelige fattigpleie
- 1890: Tunheim ungdomslag
 - Frøiland ungdomsforening
 - Eikeland ungdomsforening
 - Kartevoll ungdomsforening
- 1894: Losje Fylking

- 1899: Thime Venstreforening
- 1901: Frøiland frisindede Ungdomsforening
- 1906: Thime Hvite Bånd
- 1909: Thime Yngre Indremisjon
- 1915: Thime (Bryne) misjonslag

ØKONOMISK MOTIVERTE LAG

- 1850: Thrane-foreining (ar)
- 1867: Thime Landbrugsforening
- 1893: Thime Kvægavlsforening
- 1896: Jærens Hønsavlsforening

På bakgrunn av lags- og foreiningsaktiviteten kan me slå fast at Time var eit herad der lekmannskristendom, fråhaldssak og norskdom, dei karakteristiske motkulturane, stod sterkt. Her var med andre ord eit typisk Venstre-jordsmonn. Lokallaget frå 1899 hadde symptomatisk nok til føremål "paa kristelig og national Grund, at virke for Folkets Selvstyre paa Forfatningens Grund, at arbejde for politisk, kirkelig og almennyttig Oplysning, at samle sine stemmeberettigede Medlemmer til almindelig Deltagelse ved alle offentlige Valg, at virke for samfundsgavnlig Foretagender, tillige for en fornuftig Sparsommelighed, samt for en moralsk og sædelig Vandel inden Herredet".²⁹ Noko betre samanfatning av den sørvestnorske Venstre-ideologien kan vel knapt tenkast.

At det også var grobott for sosialistiske foreiningar med thranittisk forteikn, er då meir uventa. Skil ein tru tradisjonen, var foreiningsdanninga ikkje fyrst og fremst politisk motivert. Det fanst nemleg ein "thranitterskole" i Stavanger som det gjekk gjetord om. Her underviste Sven L. Oftedal og andre dugande lærarar. Kristian Sunde, som har stu-

dert problemet meir inngåande, tonar ned det politiske aspektet og hevdar at det nettopp var "thranittenes iherdige opplysningsvirksomhet som inspirerte til foreningsdannelse i Time og Høyland". Men elles er det eit faktum at mange av medlemmene i Stavanger var frå desse kantane.³⁰

Time må kunna karakteriserast som ein nasjonal-kristeleg bastion. Jærbanen, som kom i 1878, motiverte både bygginga og plasseringa av bedehuset Saron. Nettopp i nærleiken av stasjonen trøngst eit motkulturelt bolverk når "Verdensaanden og de Ting som er i Verden med Jernbanefart vilde velte ind over Bygdene og blive til Ødeleggelse for det aandelige Liv". Lars Oftedal var skeptisk til utviklinga, og endå fleire kraftsalvar hadde han på lur. "Den livligere Trafik og lettere forbindelse mellom By- og landbefolkningen, og navnlig den ikke let undgaalige Benyttelse af Banen for Lystreisende om Søndagene pleier ofte at bære med sig og sprede rundt i Bygderne meget Letsindighed, aandelig Ligegyldighed og Raadenhed, hvoraf der allerede før kan findes mere end nok".³¹

2.4 By mot land

Politikken i landkommunane dreia seg stort sett om skule-, kyrkje-, fattig- og vegstell. Slik var det også i Time. Når bøndene møttest, gjekk ordskiftet om desse saksområda. Dei økonomiske, sosiale og kulturelle endringane førte til at heradstyret fekk nye saker på bordet sitt. Å bygga ein stasjonsby var såleis ei ny utfordring. Det betydde reguleringsplanar, utskiljing av tomter til både det eine og det andre føremålet. Dei folkevalde måtte vidare tenka på eit veg- og kloakknnett, etter kvart også på telefon- og kraftleidningar. Sjølv om dette var saker som bygningsskommunen kanskje ivra mest for, var gren-

seflatene til omlandet både store og vide.

Men bypolitikken hadde gjerne eit meir moderne tilsnitt. Eit krav om betre gatelys i stasjonsområdet fekk såleis heradstyret til handsaming sommaren 1904. Eit "folkemøde" på Saron hadde drøfta saka og meinte at noko måtte gjerast. Gatelykter trøngst "om det skulde være nødvendigt at rykke ud med slukningsredskaberne i nattens tider". Heradstyret skjønna behovet og løyvde pengar til "10 almindelige (parafin-)lygter". Desse skulle hengast opp i stolpar på "de mest befærdede steder".³² I 1904 var det desse plassane:


- No. 1 Paa vestre side af veien i retning af Sørnæs butik
- 2 Paa sydøstre hjørne af Enevald Thus vaaningshus
- 3 I nærheden af sprøitehuset
- 4 Ved Bellesens vestre have
- 5 Paa Houlands plads ved Laurits Bellesen
- 6 Ved sydøstre hjørne af Skrutlands vaaningshus
- 7 Paa østre side af undergangen ved jernbanelinjen
- 8 I veiskille ved Karl Neses hus
- 9 Paa sydøstre hjørne af Vaalands hus
- 10 Paa hjørnet ved Lalands butikk³³

Kravet om gatelys hadde også samanheng med "at der paa og ved Stationen forekom adskillig Uorden af udenfor Stationen boende personer". Det heile hadde toppa seg i samband med "Dansemoro paa Hovedveien mellom Ree og Thime Station saa Færdselen... hindredes noget". Som fylgje av dette blei ein del av ungdomane bøtlagde. Forutan leiken og dansen vekte også omgangen med flaska ei viss

bekymring, og lensmann og politi hadde vore inne i biletet. Formannskapsmedlemmene meinte likevel at dette ikkje representerte noko stort ordensproblem. Stort sett dreia det seg om utanbygds folk, "med jernbanen reisende personer". Men sidan "saadanne Personer (kunne) være tildels nokså mistænkelige", var dette slett ikkje så gildt.³⁴ Det syntest kort sagt å vera ein samanheng mellom jernbane, alkohol og trøbbel.

Det var opplagt visse ordensproblem i sentrum. At det fyrst kom politi og så arrestlokale, i 1903 og i 1908, er klare prov. Om "Ædruelighetstilstanden" i 1911 heitte det at den var "mindre god". Den "lette adgang til at faa brændevin fra Egersund samlag og øl og vin fra de nærliggende byer", fekk ta mykje av skulda. Dessutan var dei folkevalde på det reine med at det også hadde "foregaaet nogen smughandel".³⁵ Til dette kom den brysame skjenkeviljen til hotelleigarane i Thimebyen. Våren 1912 søkte K. Sandve om "at blive tilstaaet indskrenket ølret (servering til reisende og faste spisegjester til maden)". Under visse føresetnader gjekk heradstyret med på dette.³⁶ Oppglødd av gjennomslaget leverte Kirsten Thu, "indehaver af Hotel Jæderen paa Thime", også ein søknad. Men med 13 mot 1 røyst blei ho nekta skjenkerett.³⁷ Då Sandved året etter ville fornya løyvet, låg det ei protestliste med 352 namn på ordføraren sitt bord "om ikke at gi den omsøkte bevilling til indskrænket ølret".³⁸ Men fråhaldsopinionen nådde ikkje fram.

Med dei nye tidene fylgde ikkje berre jernbane, men også bilar etter bygdevegane. Det er likt til at desse kremtande og eksosproduserande kjøretøya blei møtte med stor skepsis. Formannskapet oppfatta bilane som "noksaa farefulde", og tilrådde ei øvre fartsgrense på 10 km i timen i "bymæssig bebygge-



Bilen til doktor Eriksen. Han budde på Brynehaugen (Fødeheimen). I bakgrunnen "Varden" på egedomen til Abraham (Eilif) Bryne.

* Tine Bibliotek.

de Strøg".³⁹ Dette var i 1908. Året etter kom "Kjørsel med Motorvogn" opp som sak på ny. Då utarbeidde formannskapet denne transportpolitiske fråsegn: "Kjørsel med Motorvogn har kun foregaaet enkelte Gange her i Herredet. Man har derfor ikke høstet synderlig Erfaring hverken om Nyttien eller de Farer som muligens maatte være forbundet med denne Trafik. Ved de faa Ganger saadan Kjørsel har foregaaet, har det vist sig at det har forvoldt nogen Ulempe idet adskillige Heste har blit noget sky uden at nogen Ulykke har indtruffet. Man er af den Formening at dersom Kjørsel...skal tillades paa Bygde- og Hovedvei, bør denne kun foregaa efter bestemte ruter, der forud er kundgjorte".⁴⁰

Levande bilete, eller filmframvisning, blei også aktuelt. I 1910 var spørsmålet "hvorvidt Kineamatografen bør aabnes Adgang til Virksomhed her og i Tilfælde paa hvilke Betingelser". Ikkje uventa

la dei folkevalde seg på ei restriktiv linje. "Den Underholdning Kinematografen byr paa kan vistnok være af forskjellig Gehalt. Skulde den blive aabnet her ved Thime St. under vore smaa Forholde, vil antagelig ikke den bedste Musik og de bedste Billeder blive benyttet. Man kan befrygte derfor at den her i Tilfælde vil virke mere til Skade end til gavn for Samfundslivet og især for børn". Med 15 mot ein stemme vart det vedteke "saavidt muligt at udvirke at Kinematografen ikke faar adgang til at give Forestillinger i dette Herred".⁴¹

Me har tidlegare sett at Thimebyen voks særleg sterkt frå 1910 og utover. Dette gjorde at dei fyrste reguleringane kom til kort, og større armslag blei etterlyst. Men sett frå bøndene sin synstad var det ikkje berre å gje etter for slike krav. I 1911 bad "Thime bygningskommunes repræsentantskab" at grensene blei flytta på. Dette stilte formannskapet seg negativ til, og viste til at behovet for "en saa vidtrækkende og omfattende utvidelse" neppe var til stades.⁴² Då søknaden kom til heradstyret, fekk reservasjonane også ei meir ideologisk grunngeving.

Saka hadde meir vidtgående implikasjonar enn fyrsteintrykket kunne tyda på. "Man kan nemlig ikke i denne forbindelse undgaa at se sagen i alle konsekvenser". For heradstyremedlemmene var det ingen løyndom at sterke krefter i sentrum arbeidde for "udskillelse av Thime st. som egen kommune". Gav ein separatistane for mykje taum, kunne utviklinga snart koma ut av kontroll. Bondemotstanden hadde også klare økonomiske overtonar. "Ved byudvidelser veier jo skattespørgsmaal og andre hensyn meget, og man kan ikke undgaa at tage dem med også her, naar man ser paa, hvad der muligens kan foregaa i fremtiden".⁴³

Rundt 1910 fanst tydelege teikn på politisk sprekkdanning. Det ulma mellom sentrum og periferi i Time. Hundeskattsjauen i 1903 var berre eit mildt varsel om oppdemd spenning.⁴⁴ Men andre konfliktakar vart også aktiviserte. Til kommunevalet i 1913 stilte "Bygdens Gruppe", "Ædruelighets Gruppen", "Bryne Kreds", "Arbeiderpartiet" og "Thime y. Indremisjonsforening" egne lister. Bygdelista var med eit par unntak ei rein gardbrukarliste. Fleire bønder fanst óg på avhaldslista, mellom dei ordførar Eivind Hognestad. Til denne lista sokna også O. G. Kverneland, nokre seminaristar, sersjantar og eit par malarar. På sentrumslista trona meierimeister Bjørn Schibeavaag på toppen. Deretter kom doktor Claus Myhre, så gardbrukar Henrik Karlsen, etter han "Kjøbmand" Ole Ellingsen. At Arbeidarpartiet kjørte bonden Einar E. Sæland fram som frontfigur, var gjerne vel så mykje taktisk som sakleg motivert. Kor som er, fabrikkarbeidarane utgjorde i alle fall grunnstammen. Den "kristelege" lista var ein koalisjon av bønder, lærarar og handverkarrar, sannsynlegvis eit sosialt tverrsnitt av forsamlinga på Saron.⁴⁵

Motsetnadene i Time-samfunnet kom opent til uttrykk i 1913. Kanskje gjekk det mest fundamentale skiljet mellom "Bryne Kreds" og "Bygdens Gruppe", eller mellom sentrum og periferi. Denne konfliktaksen var lada med mykje spenning, og omfatta økonomiske, politiske og meir sosiokulturelle forhold. Men mange brann også for ei klarare ideologisk markering, noko ikkje minst dei motkulturelle listene er eit vitnemål om. Den raude mobiliseringa fortel dessutan om ei varsam klassereising med brodd både mot bøndene og førarane i sentrum.

Den pluralistiske tendensen representerte likevel ikkje noko reelt trugsmål mot bonderegimet. Av dei

16 heradstyreplassane gjekk halvparten til "Ædruelighetspartiets liste", 6 til "Bygdens liste" medan "Time Yngre Indremisjonsforenings liste" og "Bryne Kreds liste" måtte nøya seg med ein mann kvar.⁴⁶ Arbeidarpartiet kom ikkje inn i det heile teke.

3. "Elektricitetssagen"

Det var altså midt i denne straumkvervelen at "Elektricitetssagen" kom opp. Time var ingen kraftpionér, korkje i nasjonal eller regional målestokk. Elektrisk ljøs blei demonstrert for fyrste gong i Noreg i 1877. Åstaden var Lisleby Brug i Fredrikstad, og ljøsmeisteren heitte ingeniør Olaf M. Holwech. Rett før den store utbyggingsbylgja sette inn, var 25 elektrisitetsverk i drift her i landet.⁴⁷ I 1905 kunne Eigersund, som den fyrste byen i Rogaland, skryta av eige kraftverk. Rundt 1910 var turen også komen til Sandnes, Stavanger og Haugesund.⁴⁸ Men då hadde også landkommunane begynt å røra på seg.

3.1. Opptakten

I utgangspunktet skulle ein tru at kraftutbygging på Jæren var fäfengd. Men om elvane ikkje var så store, fanst det dei som kunne byggast ut. Den fyrste kraftframstøyten kom vel i 1907. Då tok F. A. Underhaug på Nærbø eit initiativ overfor Time. Han hadde vyer om eit interkommunalt kraftverk i Fotlandsfossen.⁴⁹ Svigerfaren, O. G. Kverneland, kjende truleg til dette utspelet. Han dreiv jo på med private undersøkingar i Fotlandsfossen omlag på same tid.⁵⁰ Noko kommunesamarbeid kom ikkje i stand, men somme kan ha vakna. Tidleg på nyåret i 1908 dyppa i alle fall O. A. Egeland og Aadne Sæland fjørpennane sine i blekkhuset. Dei vende seg i brev form til heradstyret og bad om at kommunen kjøpte og byg-

de ut Fotlandsfossen, "hvored der kunde gives Herredets Indvaanere m. Fl. Anledning til at faa elektrisk lys og kraft".⁵¹

Heradstyret kunne ha sendt ballen attende til brevskrivarane. Vile dei ha elektrisitet, ja så kunne dei ordna dette på eiga hand. Med liberalismen som berande samfunnsfilosofi ville ein slik handlemåte både ha vore mogleg og langt på veg naturleg. Bak dei fleste kraftverksprosjekta i Noreg fram til 1910, stod nettopp private interesser bak.⁵² Tendensen etter århundreskiftet gjekk likevel "helt klart i retning av å etablere elektrisitetsverk drevet i kommunal regi".⁵³ Går ein til Time, vart spørsmålet om elektrisitet oppfatta som ei sak for kommunen frå fyrste stund. Private initiativ vart sedd på med mistru, og tildels motarbeidde.

Fotlandsfossen hadde openberre kvalitetar. O. G. Kverneland vurderte fossen som "et av Jæderens ligeste Vandfald".⁵⁴ Den låg i Håelva - "midt i Bygden"⁵⁵ - 4 kilometer opp av Thime station "ved gaarden" Fotland. Ei fallhøgde på 20 meter var lite i Ryfylke, men bra til Jæren å vera. Det innpå 100 kvadratkilometer store nedslagsfeltet var elles eit pluss.⁵⁶ Heradstyret fatta godhug for framlegget, og nedsette ein tremannskomité til å forhandla med grunneigarane.⁵⁷ I mai 1908 var det klart at oppsitjarane, mot eit høveleg vederlag, ville avstå grunn og fallrettar til kommunen. Dermed kunne nye initiativ takast i saka. Ordføraren fekk såleis i oppdrag "at konferere med kyndig ingeniør angaaende undersøgelse om anlæg af et elektricitetsværk".⁵⁸

Ingen ting av det kommunen tidlegare hadde balt med, kunne måla seg med det som no var i emning. Prosjektet var for det fyrste stort og mangslungent, og omfatta fleire og tildels parallelle delprosjekt. Stabil og tilstrekkeleg vasskraft krevde f.eks. både

regulering og kanalbygging. Vidare måtte ein gjera rekning med tjukke og klinka røyr gater frå magasinet og inn i kraftstasjonen. Turbinen og resten av utstyret kunne heller ikkje stå på treplankar. Her trøngst forutan fast fundament også ein skikkeleg overbygning. Og til sist måtte eit transport- og fordelingsnett av ein viss storleik setjast opp. For det andre var det snakk om ein teknologi som få eller ingen i Time hadde retteleg peiling på. Skulle heradet koma ut av vankunna, var det nøydd til å leiga inn eksperthjelp. Dessutan var ingen ting av alt dette gratis. Utbygginga ville krevja uhorveleg med pengar, og rekninga var det ingen andre enn skattebetalarane som laut hefta for. Berre tanken på dei store utlegga må ha teke nattesvevnen frå mang ein "sparebonde". Dei ordinære kommunebudsjetta som balanserte med 20.000 kroner i 1912, vart for lommerusk i samanlikning.⁵⁹ Mykje stod på spel og ansvaret låg tungt på heradstyret.

3.2 Nedslåande sonderingar

Femhundre kroner blei midtsommars 1908 løyvd til "udarbeidelse af plan og omkostningsoverslag m.v. angaaende anlæg af et muligt elektrisitetsværk".⁶⁰ På same møtet nedsette heradstyret ein ny komité med bankkasserar J. Hognestad, gardbrukar O. S. Ødegaard og disponent O. G. Kverneland. Lensmann T. Norheim fekk varamannsplassen. I den nye komiteén sat altså ein pengemann, ein representant for bondestanden pluss ein mann med teknisk-administrativ innsikt. Med den praktisk orienterte lensmannen i reserve hadde heradstyret grunn til å vera nøgd med samansetjinga.

Komiteén fekk eit tredelt mandat av heradstyret. Den skulle for det fyrste "antage" og "bistaa" den eller dei tekniske ekspertane som vart knytta til pro-

sjektet. For det andre skulle den "underhandle med grundeierne om opdæmning og sænkning af de vand, som har betydning for regulering af vandføring". Heradstyret bad den også om å "underhandle med interesserede angaaende vandfaldet paa Udem".⁶¹ I området her hadde Oddmund Vik halde glødande straumføredrag og verknaden uteblei ikkje. Tre mann fekk etterpå i oppdrag å sikra vassrettane i Undheimselva til "regulering, kanalisering og tillige faa udført de nødvendige undersøgelser, kalkulationer og beregninger angaaende et eventuelt elektricitetsværk".⁶² Dette utbyggingsprosjektet var liv laga, men vart ikkje realisert før eit par tiår seinare. Hovudgrunnen må søkast i dei kommunale styringsambisjonane, som O. G. Kverneland treffande karakteriserte soleis: "Naar kommunen har taget Elektricitetsforsyningen i sin Haand vil den ikke... anbefale at andre kommer den iveien" (uth., lgj).⁶³

På den tida summa rogalandslufta av kraftverksplanar. For folk med innsyn i elektrisitetens løyndomar var dette ein ynskjesituasjon. Dei kunne velja og vraka i jobbar. Til den gruppa hørte så avgjort Stavanger-mannen Christian Fredrik Jacobsen. Etter ferdig utdanning ved høgskulen i Darmstadt i Tyskland vende han i 1902 attende til heimbyen som "Diplom Elektroingenieur" og tok fatt som elektroteknisk konsulent.⁶⁴ Han svedde over så godt som alle prosjekt, Fotlandsfossen medrekna. Landbrukingeniør Sommerschild vart parhesten hans i Time. Sommerschild hadde hatt ansvaret for mange uttappingsprosjekt på Jæren, og sat inne med verdfulle kunnskapar om "planer og kostnadsoverslag for nødvendige vannbyggingsarbeider".⁶⁵ Fagleg sett utfylte dei kvarandre på ein god måte.

Jacobsen og Sommerschild undersøkte Fotlandsfossen i 1908. Dei var ferdig i november, og i jule-

månaden blei resultata lagde fram for heradstyret. Planen deira la mellom anna opp til regulering av ti vatn, og at kraftstasjonen blei bygd på "søndre Side av Elven". Det innebar mellom anna at "man der ikke fik noget Reguleringsbasin".⁶⁶ Kostnaden, eller den "samlede sum for utbygning og overføring til Thime station", ville bli på over 200.000 kroner. Denne svimlende summen fall komitémedlemmene svært tungt for brystet. At kraftstasjonen ville gå med eit årleg underskot på 13.000 kroner, sette òg ein støkk i dei. Komitéen fekk kalde føter, og den konkluderte med at "utbygning av Fotlandsfossen foreløbig maatte opgives".⁶⁷

"Etter dette Resultat blev der en Pause i komiteens arbejde", skriv O. G. Kverneland i eit tilbakeblikk.⁶⁸ Men "Kravene om at skaffe Stationen Elektricitet holdt sig", og det kunne ikkje komitéen berre venda det døve øyra til. Difor blei også "Brynefaldet i Forbindelse med Tjøttafaldet undersøgt".⁶⁹ Her kunne det setjast opp eit kraftverk til 155.000 kroner med "400 hk. maximalt paa turbin-akslingen", i fylgje Jacobsen. Heller ikkje dette såg ut til å bli noko overskotsføretak. Men ved å skjera ned på somme av budsjettpostane syntest likevel ei balansert drift å vera innan rekkevidde. Hovudankepunktet mot dette alternativet var likevel manglande utvidingsvilkår. "Med den utvikling, som stedet kan vente, naar der blir anledning til elektrisk kraft, maa man anta, at den disponible kraft inden ikke lang tid vil være optat".⁷⁰ Den kommunale komitéen vegra seg i alle fall for å leggja ut pengar på eit slikt prosjekt.

3.3 Press og nye planar

"Elektricitetssagen" kom på den kommunale dagsorden i 1908. Trass i visse forpostfektingar vanta det

likevel mykje på rask sakshandsaming. Tålmodet, ikkje minst i Thimebyen, minka faretruande. Skipinga av den "Den private Elektricitetskomite for Time station" bar bod om meir organiserte framstøytar. Signaleffekten var tydeleg nok. Fekk ikkje heradstyret og den trege elektrisitetskomitéen farten opp, ville innbyggjarane i sentrum ta saka i si eiga hand. Den nystifta komitéen la likevel ikkje opp til nokon konfrontasjonsstrategi. I staden vende den seg til heradstyret og bad om plass i den sovande elektrisitetskomitéen, og fekk det som den ville. På si side bad heradstyret den nye og "forsterkede elektricitetskomite" om å sjå nøyare på ei interkommunal løysing av kraftspørsmålet.⁷¹

Det påtenkte fellesprosjektet mellom Nærbø, Varhaug og Ognå om utbygging av Helgåa på Ognå var eitt av dei aktuelle alternativa. I løpet av 1911 "førtes Underhandlinger", men utan konkrete resultat for Time sitt vedkomande.⁷² Sjølv om Ognå ivra svært for å få kommunen med, avviste den "forsterkede elektricitetskomite" ei slikt løysing, og heradstyret delte denne oppfatninga. "Efter de oplysninger som foreligger finder Thime herredstyre for tiden ikke tilstrækkelig grund til at kunne tilsige noget samarbeide med sigte paa elektrisk anlæg i Ognå".⁷³ Men Ognå gav seg ikkje. Ordføraren gjorde ein ny framstøyt rett over jul, men til inga nytte. Reservasjonane gjekk på fleire ting. Det var for det fyrste langt frå sikkert at kraftverket ville bera seg. Med "et turbinrør, en turbin og en generator" kunne det også stillast spørjeteikn ved leveransetryggleiken. Lange linjestrekk verka heller ikkje direkte tiltalende.⁷⁴ Til dette kom "Ulemperne" med eit prosjekt "hvor fire kommuner er interessenter". Samarbeidsskepsisen stakk sikkert temmeleg djupt. Mellom dei argaste og fremste motmennene var O.

G. Kverneland. Ved eit høve uttalte han, "...tænk at være delagtig i et slikt Værk! Nei, lad os faa vort eget saa har vi da noget for os selv".⁷⁵ Dermed var det opp og avgjort at Time ikkje vart med i "Jæder Elektricitetsverk".

Frå Høyland kom førespurnad om å vera med på utbygging av Figgjoelva. Framlegget verka både useriøst og lite gjennomarbeidd, så dette tilbodet vart knapt vurdert i det heile teke.⁷⁶ Meir interessant var då invitasjonen frå Stavanger Elektrisitetsverk. Med ei linje strekt til stasjonen, kunne kommunen her få kjøpa overskotskraft for ein rimeleg penge. Sjølv om ei slik løysing var freistande, i alle fall på kort sikt, hefta det også veikskapar ved dette alternativet. Gjekk kraftinntektene opp, ville utgiftene stiga proporsjonalt. Dermed kunne ein berre sjå langt etter klingande straum-myntar i heradskassen. Og det var det ikkje berre enkelt å slå seg til tols med.⁷⁷

3.4 Spenning til siste slutt

I 1911 brukte "den forsterkede elektricitetskomite" mest tid på prosjekt utanom heradet. Men ingen av dei nemnde alternativa fekk tilstrekkeleg støtte, og Fotlandsfossen segla opp som det beste alternativet på ny. Dette hadde neppe Kverneland-fløyen, såvel innanfor som utanfor komitéen, noko særst imot. Men då nytta det ikkje å satsa på konseptet til Jacobsen og Sommerschild. Etter grove reknefeil på Ålgård, hadde O. G. Kverneland ganske mist trua på Jacobsen. "Det hjælper ikke at pynte sig med den skjønne Titel Diplom Ingeniør naar det Praktiske Skjøn og Erfaring mangler". Kva bommertar kunne han ikkje ha gjort i 1908? For alt Kverneland og andre visste, var prislappen gjerne sett altfor høg? Tida var såleis mogen for kommunen til å sjå seg om

etter ein ny ingeniør. Ved Myrens mek. Verksted i Kristiania fanst det i alle fall ein som Kverneland hadde full tillit til. "Vil man ikke stole paa en Ingeniør som Aarum som ikke gjør andet end reiser Landet rundt fra det ene Turbinanlæg til det andet", ja så kunne opponentane koma med kven dei ville.⁷⁸

I "Indstilling fra elektricitetskomiteen", datert 4. juni 1912, står nettopp ingeniør Aarum oppført som teknisk konsulent. Etter dei nye og reviderte planane kunne Time få seg kraftverk til 180.000 kroner. Ved å bygga kraftstasjonen på nordsida av elva, ville ein no også få "en Reguleringsdam...stor nok for Døgnsregulering".⁷⁹ At kraftverket såg ut til å bera seg reint økonomisk, var og nytt og gledeleg. Komiteen gjorde difor framlegg om at "Thime herredstyre bevilger det fornødne til udbygning av Fotlandsfossen, og at der opnævnes en arbeidskomite paa tre medlemmer, der straks gjør skridt til at ordne det fornødne. Subsidiært indstilles paa, at der andrages Stavanger bystyre om leie av strøm til Thime i 25 aar".⁸⁰

Med ei så grundig utgreiing på bordet skulle ein tru at "Elektricitetssagen" var i boks. Til stor frustrasjon, ikkje minst for komitéen, kom det opponerande "Røster fra flere hold".⁸¹ Å skjalta ut Ogn-alternativet fann mange reint for gale, særleg i Thimebyen. Den private elektrisitetskomitéen skreiv brev til heradstyret og bad om at "Kommunen deltager i Udbygning af Fællesværket Jædernes Elektrisitetsværk". Men ei slik kuvending ville vera å bryta med tidlegare vedtak. Heradstyret kunne "selvfølgelig ikke uten videre gaa med paa det fremsatte forslag".⁸² I denne uoversiktlege situasjonen hadde "den forsterkede elektricitetskomiteen" ikkje tyngde nok til å skjera igjennom. "For endelig at faa en Autoritet til at avgi et Raad...blev Direktør

Klouman tilkaldt".⁸³ Han blei seinare direktør for A/S Saudefaldene.

Direktør Kloumann skreiv ei lang, grundig og interessant utgreiing.⁸⁴ Innleiingsvis slo han fast at "separatutbygninger" av typen Fotland hadde han liten og ingen sans for. Det "eneste rigtige for et stort og levedygtig distrikt som Jæderen" var eit stort fellesprosjekt. Sett med Kloumann sine augo var også kraftverksplanane som Nærbø, Varhaug og Ogn emna på, altfor småskorne. Kommunane måtte tenka i mykje større bokstavar enn dette. Med stor ulyst og "nærmest tvunget...av omstændighetene" måtte Kloumann sjå vekk frå det idéelle og i staden konsentrera seg om det som var realistisk i fyrste omgang.

Spørsmålet var då om Time skulle satsa på Stavanger-straum, Ogn-opplegget eller Fotlandsfossen. Å kjøpa kraft av Stavanger Elektrisitetsverk var inga god løysing, meinte ingeniøren. Kraftverksplanane på Sør-Jæren vende han óg tommelen ned for. På grunn av "de interne forhold mellem kommunerne", trudde Kloumann at "et verk i Fotlandsfossen..(ville) møtes med saa meget større tillid, interesse og sympati at utviklingen vil gaa raskere herfra end fra et verk utenfor bygden". Dermed konkluderte eksperten og skilsdomaren på ein måte som dei leiande heradstyremedlemmene tykte vel om. Somme oppfatta nok det heile som eit bestillingsverk.

Denne utgreiinga var ferdig i mai 1913, og heradstyret fekk mot til å gå vidare med Fotlandsfossen. Det nærma seg kommuneval, og manglande handlingsvilje kunne fort straffa seg. Nettopp difor kom heftet med grunneigarane og fortørna laksefiskarar i Nærbø på eit svært uheldig tidspunkt. Det blei fleire og lengre rundar med rettsapparatet enn nokon hadde tenkt seg. Desse forseinkingane blei ikkje forstått

i Thimebyen. Tidleg i 1914 vart folkemøte arrangert på Saron. Ordføraren fekk etterpå grei beskjed om at "Publikum (var) utålmodig".⁸⁵

Kort tid etter blei det sendt eit kvasst brev som 23 arge stasjonsmenn hadde undertekna. Her fekk heradstyret veta i klartekst at alt straumstrevet til bygningskommunen "hidtil og dæsverre" hadde vore resultatlaust. "For hver dag, som gaar, blir det os imidlertid mer og mer klart, at hvis man her inden bygningskommunen, skal kunne gjøre sig gjeldende i den stadig økende koncurance, blir det en livsbetiingelse, at dette nævnte spørgsmaal løses inden korteste tid". Frustrerte innbygarar hadde på eige initiativ teke kontakt med Jæderens Elektrisitetsværk. Straum frå Stavanger Elektrisitetsverk var heller ikkje utelukka.⁸⁶

Dette braut med den offisielle kraftpolitikken i heradet. Presset vart etter kvart så stort at kommunen ikkje torde å venta til alle formalitetane var i orden. I februar kom O. G. Kverneland med klare hint om at no var det ikkje noko tid å missa.⁸⁷ Den 3. mars 1914 samlast eit utvida formannskap til krisemøte. "Efterat have overveiet sagen nøie i flere møder og søgt sagkyndig bistand er formandskabet kommet til det resultat, at Fotlandsfossen bør udbygges straks efter de foreliggende planer".⁸⁸ Dermed hadde dei folkevalde kaste loddet og bunde seg til eit forpliktande utbyggingsvedtak. Ventetida var over, innbygarane kunne så smått begynna å bu seg på nye tider.

Vegen frå tanke til handling hadde sanneleg vore lang i Time. Frå det fyrste påskuvet i 1908 til det endelege klarsignalet i 1914, låg seks lange og spenningsfylte år. Men når kommunen fyrst hadde bestemt seg, blei planane iverksette med rekordfart. Byggefaseen berre blei på vel eit år, noko den aktive



Desse tre karane på turbinrøyren er Tor Kolberg (øvt), Leiv Line og Ola Auglend (1919).

** Time kulturkontor*

anleggskomiteén får ta mykje av æra for. Sidan O. G. Kverneland fekk det som han ville, var det berre rett og rimeleg at han vart formann og tok hovudstøyten. Forutan Ommund Norheim og Torkel Undheim, fekk han sentrumsmennene doktor Myhre og meieristyrar Schibevaag med seg. Såleis blei dei viktigaste interessegruppene direkte involvert i arbeidet. Det gav den nødvendige legitimitet og var utan tvil ein stor styrke for komiteén.

Men heilt knirkefritt gjekk ikkje samarbeidet. I samband med "stolpeopsætningen" i stasjonsområdet, tok doktor Myhre seg til rette på ein svært utfordrande måte. Mange hadde vore på ordføraren, og Eivind Hognestad måtte undersøka tilhøva. I eit mykje fortruleg brev til sin "Gode ven" O. G. Kverneland formidla han tildels dramatiske inntrykk. "Dr. M(yhre) gaar her og dominerer". Anleggskomiteén måtte "lægge baand paa Dr. selvrådighet", i motsett fall ville det bli "megen leielse". Det måtte gripast inn "før det er for sent". Brevet avsluttar med ein inntrengande apell: "Lad ikke dr. faa styre her-nede! Det gaar aldri godt".⁴⁸ Som mange av sine sambygdingar vart ordføraren direkte provosert. Av alle ting ville denne innflyttaren, med akademisk utdanning og moderne stil, visa Time-buen korleis stolpar skulle setjast opp. Det må ha vore på grensa av all sømd og folkeskikk.

Det å skaffa kommunen elektrisitet rømde såleis mange aspekt. Men Fotland kraftstasjon kom då i gong, omenn mykje seinare enn det initiativtakarane, O. A. Egeland og Aadne Sæland, nok hadde rekna med. Etter den tids målestokk var det snakk om grensesprengande og avansert teknologi. Nokre forklarande sitat kan her høva godt. "Fra et indtaks-basin føres vandet gjennom en 900 m. lang jordkanal, til to indtaks-kamre, hvor vandet fordeles til de


to ca. 36 m. lange rørledninger". Då desse linjene blei festa til papiret, var bare "den ene rørledning lagt". Den hadde "en diameter av 1500 mm. og fører vand til den nu installerede turbine".⁴⁹

Turbinen, "en dobbelt Francis-turbine i platejerns tromme", blei levert av A/S Myrens Verksted i Kristiania. Den var "forsynet med et kraftig staa-svinghjul", og hadde i tillegg ein del tekniske finesser. "Reguleringen av vandtilførselen foregaar automatisk ved svingbare ledeskovler, hvis tappe gjennom pakningsboks er ført ut i det frie, hvor forbindelsen mellem de enkelte skovler ligger aapen for eftersyn og smurning. Den automatiske regulering foregaar ved en oljetryksregulator av patentert konstruktion, hvor der er lagt særlig vægt paa en nøiaktig og driftssikker regulering".⁵¹

Med 750 omdreingar i minuttet produserte turbinen 500 hestekrefter. Desse blei direkte overført til "en Siemens Schukerts 3-faset generator" som laga ei spenning på 6000 Volt. Den tyske generatoren var på årsbasis god for ca. 2 millionar kilowattimar. "Fra kraftstasjonen, der også er utstyret med elektrisk spændingsregulator, fører en høispendt ledning paa ca. 4 km. strømmen til Time station paa Jæderbanen". Her nede gjekk straumen fyrst "gjennom Nedføringsstationen, ...ned i Jorden og derfra i Kabler til 4 transformatorstationer hvor den transformerer ned til 220 Volt for Motorer og 127 Volt paa lamper, og føres saa over i Fødemasterne og sendes ud i Luftnet til forbrugerne".⁵¹

4. Alle vil ha straum

Som rimeleg kunne vera var det sentrum i heradet, den gryande fabrikk- og servicebyen, som fyrst fekk straum. Men deretter stod bygdene for tur. På "den



*Glimt frå "vaktbua" i kraftstasjonen. Teknikaren under måleinstrumenta sjekkar at alt verkar som det skal.
* Time kulturkontor.*


store ljوسفesten" i 1915 forsikra O. G. Kverneland at utgangspunktet for kraftkomiteén hadde vore "at nettet måtte leggjast yver heile bygda".⁹⁴ Det må ha sete folk i salen som nok ottast det motsette. Alt tyder på at straumynskjet stod sterkt også mellom bøndene. Før kraftstasjonen begynte å levera straum, hadde heradstyret brev frå Undheim med

"forespørsel om *hvorvidt*, til *hvilken tid* og paa *hvilke betingelser* det kom. elektricitetsverk vil kunne leverer elektrisk kraft" (uth., lgj).⁹⁵ Oppunder jul i 1914 vende Sven Ødegaard Løge seg til heradstyret i same ordelag og spurte om "hvorvidt og paa hvilke betingelser han og andre utenfor fordelingsnettet ved Thime st. kan faa adgang til kjøp av elektrisk

strøm".⁹⁶ Noko seinare "forelaa Forespørgsel fra Friestad og Kornelius Thu om at faa indlagt Lys paa Avbetaling".⁹⁷ På grunn av puringane måtte anleggskomiteén, som no meir og meir fungerte som eit vanleg elektrisitetsverksstyre, utarbeida meir konkrete distribueringsplanar.

På undheimsbrevet blei det svart at Time-bygdene ville få straum "litt efter litt".⁹⁸ Men handfaste lovna-der var korkje anleggskomiteén eller heradstyret vil-juge til å gje. Like fullt var elektrifisering av utkan-tane eit prioritert mål. Så snart "Tidene igjen blir normale", uttalte O. G. Kvernland i 1915, ville det bli "lagt Net udover bygden til fordel baade for Stationsbyen som nu har faat strøm og for Bygden som skal faa".⁹⁹ Men det skulle ta si tid. Olaf Aarre blei lei av å venta og greip til pennen sommaren 1917. Han etterlyste elektrisitet til "lys, kogning og opvarming".¹⁰⁰ Det kan ha vore eit ord i rette tid, for i oktober same året var det snakk "at paabegynde Forsyningen av Dele av Herredet utenom Stationen med Electricitet". Dei gardane som skulle få straum var Fotland, Løge, Skrudtland, Thime, Lye, Vestly, Norheim, Holen, Rosseland, Herigstad, Haaland, Auglend, Bryne og Ree.¹⁰¹

Den jamne Time-buen tykte nok at arbeidet gjekk altfor seint. I 1918 bad oppsitjarane på Eikeland "um snarast raad...aa bygja ferdig lina...so me kann faa elektrisk ljøs og kraft til vinteren".¹⁰² Turen var vel no komen til dei? Omtrent samstundes sende 17 menn på Line avgarde eit purrebrev. Dei krevde "aa faa elektrisk føring til ljøs og kraft indlagt i sine heimehus og uthus so snart det læt seg gjera".¹⁰³ Mange var på ordføraren, og Eivind Hognestad gav nok munn og mæle til mangt eit ynskje. "Folk paa Haugland og Hognestad eltar nokso ofte paa meg um det ikkje vert gjort noko med den elektriske led-



Dette er transformatorbrua i Løgekrossen. Linjemennene er Jon Njå (t.v.) og Perder Netland.

** Time Kulturkontor.*

ning til dei gardarne", sukker han i eit brev same året.¹⁰⁴ "Da tiden er langt fremskreden og vi vil begynde med indlægning i husene maa vi faa et

bestemt svar de første dage av kommende uge", skreiv utålmodige Ree-bønder litt seinare på hausten.¹⁰⁸

"Den elektriske feber steg og steg aar for aar", heiter det i eit tilbakeblikk. Alle ville ha straum, og det var ikkje lett å argumentera for ein moderat utbyggingstakt. Eiterspurnaden utvikla seg i Time, som på resten av Jæren, til "en epeдеми...værre end spanskesyken". Når kommunane Klepp og Høiland planla prosjekt "som ikke kan regnes i tusinder og hundretusinder men kanskje naa millionen", så viste det at galskapen og ikkje bondevitet rådde grunnen. I denne situasjonen var varsemnd eit bannord, "nu maa vi holde det gaaende til hele herredet har faat i hvert fald lys Kraft og kogning".¹⁰⁹

Den fyrste linja utanom stasjonen gjekk til lensmann T. Norheim på Vassbø. Som ein av dei fremste embetsmennene i bygda, var det gjerne naturleg at han blei prioritert. Gabriel Fotland var den neste som fekk straum til gards. Til jul i 1917 kom "jarntrådline" både til Løge og Skrudland.¹¹⁰ Men krigen bremsa på forsyningane, noko som gjorde det endå vanskelegare å halda straumlovnadene. Pågangen steig i takt med materials korten, og styret i kraftverket fungerte nok også som skyteskive i periodar. Det var slett ikkje enkelt å gjera alle til lags.

5. Kraftkrise

Med den store pågangen vart kraftstasjonen på Fotland fort for liten. Utsegnet, "Jig kunde ikke tænke mig andet end at vi gladelig skulde greie os et aars tid til før værket var fuldt belastet", var det nok mange i Time som kunne slutta seg til.¹⁰⁸ Den bråe og uventa straummangelen krevde handling og ein ny kraftpolitikk. Heller ikkje vassreguleringane

gjekk langt nok. I "det fæle turkeåret" 1918 rann Stora-Mose rett og slett tomt. At det hadde lett for å samla seg mykje rusk og rask i inntakskanalen, var også ein ting planleggarane hadde oversett.¹⁰⁹

Her må det skytast inn at fleire kommunar enn Time hadde hamna i uføret. I røynda var det snakk om ei landsdekkande energikrise, noko som Arbeidsminister Olsen-Nalum var heilt på det reine med. "Nybyggingen har ikke kunnet holde skridt med behovets vekst. Ledig kraft findes praktisk talt ikke, og elektricitetsverkerne har i stor utstrækning maattet avslaa eller begrænse nye tilknytninger".¹¹⁰ Dette hadde for ein del samanheng med krigshandlingane. Innførsla av kol og parafin hadde gått drastisk ned, og med store udekkka behov steig prisane til svimlende høgder. I snitt låg inflasjonen ein stad mellom 150 og 200%. Heilt eksepsjonell var kolprisen som gjekk opp med over 2000%. Samstundes med dette stod prisen på elektrisk kraft omtrent stille, og ei større satsing på elektrisiteten syntest å vera det einaste fornuftige.¹¹¹ Men ei masseomlegging hadde opplagt sine problematiske sider.

Sommaren 1916 blei det snakka mykje om den føreståande "brændselsnøden" i Time. I denne situasjonen kunne det vera freistande å vri forbruket frå fossilt brensel og over på elektrisitet. Men skjedde dette på brei front, ville det raskt bli eit stort kraftunderskot. Doktor Myhre skjøna kva som var i ferd med å skje, og slo alarm. La ikkje elektrisitetsverket opp ein fornuftig strategi, frykta doktoren at "velhavende spekulanter der har tjent paa krigskonjunkturerne" oppnådde urimelege føremoner. Dei kunne berre "ligge i sengen og trykke paa knappen i stedet for at lægge i ovnen", medan andre ville sitja og hutra bak nediste kjøkenglas. Styret måtte difor vera førebudd og fylgja forbruket svært nøye.¹¹²



*Dette er ikkje den kinesiske muren, men demning ved Storamø. Sjøtvsagt er både steinbukk og sluskabærer på plass.
* Time kulturkontor*

Hausten 1918 begynte J. R. Johannessen som driftsstyrar. Han fann fort ut at kraftstasjonen var "fuldt belastet" og vel så det. På styremøtet den 16. november vart det bestemt "at vi saa snart som muligt maa gaa til leie av strøm fra Stavanger".¹³

Tre dagar seinare vart ingeniør Kluge ved Sandnes kommunale Elektricitetsverk "tilkaldt for at konferere om...en eventuel ledning fra Stavanger til vort net".¹⁴ No skjedde ting i rask rekkefylgje. Stavanger Elektricitetsverk hadde blitt kontakta, og

etter ei snau veke låg det føre eit kontraktsframlegg. I form og innhald var dette identisk med leigevilkåra som Høyland, Klepp og Jæderens Elektricitetsverk hadde fått. "Efter konference med Hr. Nannestad skulde Time faa leie strøm paa samme betingelser som disse". Litt motviljug måtte styret berre konstatere "at disse betingelser blir i høi grad ugunstige for os".¹¹⁵ Men hadde kommunen i røynda noko val?

Det er likt til at O. G. Kverneland var sær misnøgd, og han sende like godt avtaleutkastet til høyring, nærare bestemt til overingeniør Enger i Kristiania. "Som De ser er det *en høi pris* man forlanger, hvorfor jeg henvender mig til Dem for at spørge, om det kan nytte at henvende sig til Dept.et i sagens anledning". Spørsmålet var kort og godt om det offentlege hadde "nogen betingelser med Stav. i de konsejsjoner de nu har, saa det kan *gribe regulerende ind?*" (uth., lgj).¹¹⁶ Disponenten hadde ei stor kontaktflate som i kritiske situasjonar kunne aktiviserast.

Dei kommunale styresmaktene kom igjen i ve og vånde. Skulle ein berre akseptera vilkåra, eller fanst det andre utveggar? For å få eit betre avgjerdsgrunnlag blei ingeniør Sandberg i Stavanger beden om å greia ut heile sakskomplekset. I mars 1919 hadde han klar "Plan for Time kraftforsyning".¹¹⁷ Etter hans utrekningar let det seg gjera å pressa endå nokre hestekrefter ut av Fotlandsfossen, men ikkje noko som monna. "Bellesens verk", påbegynt i 1917, blei også som ein dråpe i havet. Straum frå Jæderens Elektricitetsverk, som sjølv hadde kome i "forlegenhet for kraft", nytta det heller ikkje å tenka på. I realiteten framstod Stavanger-straum som det einaste alternativet, og dei folkevalde lytta til rådet hans.¹¹⁸ Heradstyret godkjende kontrakten den 14. april, og nokre veker seinare blei den nye Stavanger-linja "sat under spænding".¹¹⁹

Time hadde sjølv sagt ikkje finansielle ressursar til å dekkja dei store kraftinvesteringane. I samband med bygginga tok kommunen opp eit lån på kr. 250.000,- frå livstrygdelaget "FRAM". Vilkåra må karakteriserast som rimelege. "Laanet henstaar avdragsfrit og indbetales derefter i løpet av 28 aar saaledes at summen av det aarlige avdrag og renter utgjør et nogenlunde like stort beløp". Rentefoten var på 5%.¹²⁰ Då kraftkrisa sette inn laut tiltak trefast, og då blei det behov for endå meir pengar. I 1918 sa Thime sparebank seg "viljug til aa laana kr. 100.000 til Elektrisitetsverket mot kommunegaranti og gjeldsbrev og med renter som for pantelån i banken".¹²¹ Men pengesluket var ikkje slutt med dette. Våren 1919 tok heradstyret på seg garantiansvar for "eit nytt millombils laan" på kr. 200.000,- til Elektrisitetsverket.¹²² Og meir kom utover i 1920-åra.

Sjølv om dette var "dyrtidskroner" vart det etter kvart ei gjeld som kunne ta motet frå einkvar skattebetalar. I 1914 var ho komen opp i kr 283.000, og av dette kunne så godt som alt, eller kr 250.000, førast på kontoen "El.Verk og telef.". Fire år seinare var dei tilsvarande tala kr 466.260 og kr 400.000.¹²³ Den urovekkande tendensen heldt seg. Går ein fram til 1924 hadde Time ei kraftgjeld på over millionen.¹²⁴ Sjølv om det var jærkommunar som var verre stelt enn dette, kunne fellen snart strekkast for langt. Kom kommuneøkonomien ut av laget, kunne det snart bli slutt på det økonomiske sjølvstyret.

Men faren vart avverga. Dei med teft skjøna at kombinasjonen av driftsunderskot og låg tilbakebetalingstakt ville føra kommunen ut i ei vonlaus hengemyr. Det var difor ingen veg utanom såkalla upopulære tiltak. Lensmann Norheim agiterte for ein stram hestekur, og i budsjettåret 1921-22 var det lagt inn eit avdrag på kr 100.000. "Tilskotet til verket

gjorde då mest 40% på skatten", skriv Barkved. Denne straumskatten laut alle vera med å betala, anten dei var tilknytta nettet eller ikkje. Fram til 1930 fekk elektrisitetverket eit tilskot frå kommunen på over kr. 300.00, men då var verket også over den verste kneika.¹²⁵

Ingeniør Kloumann spådde ei utviklinga mot større samarbeidsprosjekt på energifronten. Han fekk rett. Etter krigen kom arbeidet med "en interkommunal sammenslutning av Jæderkommunerne for at løse Elektricitetsspørsmålet" for alvor i gong.¹²⁶ Medan manglande djervskap tidlegare hadde vore ein hemsko, stod planleggarane no i fare for ganske å tapa alle proporsjonar av syne. Mennene bak Sør-Rogaland kraftselskap sleit knapt med noko husmannsånd! I dette kjempekraftverket var det meininga at alle kommunane mellom Frafjord i nord til Fedefjord i sør skulle med.¹²⁷ Desse storslegne planane skulle det likevel ikkje bli noko av. Time valde i staden å satsa på ei utbygging av Maudalvassdraget, og då i lag med andre jærkommunar. Maudal kraftstasjon kunne takast i bruk i 1930, og dermed var alle kraftbekymringane rydda or vegen, i alle fall på kort sikt.¹²⁸

6. Kva blei straumen brukt til?

Etter "Indstillingen" som blei lagd fram i 1912 ville kraftstasjonen produsera 350 hestekrefter. Av desse ville 150, eller snaut halvparten, gå til "Fabrikdrift", 50 til "smaaindustri" og resten til ljøs. Desse prognosane viste seg fort å vera i minste laget. "Hidtil", dvs. i august 1915, hadde det blitt "indstalleret og bestilt ialt 184 HK", og endå ville ullvarefabrikken hatt meir.¹²⁹ Abonnementsutviklinga avspeglar ein stor etterspurnad.

Tab.1 : Talet på straumabonntentar i Time, 1919-26¹³⁰

1919	1920	1921	1922	1923	1924	1925	1926
207	360	461	454	481	489	504	507

I dei neste tabellane er straumkonsumet splitta opp på ulike bruksområde, henholdsvis "Teknisk bruk", "belysning" og hushald. Tabell 2 viser at fleire og fleire kjøpte seg elektromotorar, spesielt utover på 1920-talet. Dei fleste gjekk til industrien. Midtsommars i 1920 fann ein her 114 av i alt 144 eksemplar. Bøndene var litt skeptiske til å begynna med, men hemningane forsvann etter kvart. I 1930 var 154, eller 43% av alle elektromotorane i heradet, på bondehender. Det går dessutan klart fram at motorane var store straumslukarar.

Tab.2 : Utbreiinga av elmotorar i Time, 1918-30

	1918/1919 ¹³¹	1919/1920 ¹³²	1929/1930 ¹³³
Tal	113	144	361
KWT	411	420,4	1051,3
Andel	46%	35%	41%

Den neste tabellen viser i alle fall at talet på lampar, gateljøs o.l. auka sterkt. Mellom 1920 og -30 var det snakk om ei dobling. Likevel trakk dei mange ljosa etter måten lite straum både absolutt og relativt sett.

Tab.3 : Elektriske ljøs i Time, 1918-30

	1918/1919	1919/1920	1929/1930
Tal	3730	5868	10112
KWT	103	224,6	266,310
Andel	12%	19%	10%



**NORSK ELEKTRISK
& BROWN BOVERI**
AVDELING STAVANGER



FORLANG ALTID
HOS DERES
INSTALLATØR
"DEGEA"
KOKEPLATER
STRYKEJERN
og KAFFETRAKTERE

DEGEA ER KVALITET.



KILOWATT

LARS BØ

ELEKTRISK INSTALLATIONSFORRETNING
Engelsmindegt. 15

Allslags elektrisk arbeid

Telefon. . 3119 — Bø, bustad. . 3113

A. Mauland A/s

Klostergaarden

Telefon 2645

Elektrisk Forretning

Radioapparater

Kjøp
norske



NIDARDS MOTOR PÅ SLEDE

landbruksmaskinar og motorar

CORNELIUSSEN & LANGLEIE
BREIDGATA 21 STAVANGER

Resten av straumforbruket fall då på det som i kjeldene er ført opp under rubrikken "varmeapparater", dvs. strykejern, varmtvassstankar, kokeapparat og ovnar. Det som kan kallast teknifiseringa av hushaldssektoren gjev den neste tabellen eit visst inntrykk av.

Tab. 4: Hushaldssektoren i Time (absolutte tal), 1918-30

	1918/1919	1919/1920	1929/1930
Strykejern	82	157	332
Varmtvassstankar	6	8	18
Kokeapparat	123	181	259
Ovnar	43	51	265
KWT	376	543	1253
Andel	42%	45%	50%

Sjølv om tala må takast med ei klype salt, avdekker tabellane for det fyrste at det blei ljosare i Time. I 1930 var talet på lampar kome opp i over 10.000. For det andre kunne ein kanskje ha venta at elektromotorane hadde slukt ein større del av straumen enn det dei faktisk gjorde. Men dei tronge tjueåra kan ha bremsa på investeringslysten i næringslivet. Elles er den store hushaldsanden påfallande. I 1930 gjekk halvparten av straumen til "innebruk", og då i fyrste rekke til koking. Så kanskje var det husmødrene som hausta dei største fruktene av elektrisiteten?

7. Abonnentvilkår

Men medaljen hadde også ei baksida. Det hende at straumen forsvann, særleg i dei fyrste åra. Elektrisitetsverket hadde nemleg ikkje den heile og fulle kontrollen til ei kvar tid (kfr. pkt.5). Ved lange og uforutsette driftsopphald kunne abonnentane krevja

vederlag for tort og svie. Driftsopphald grunna etter-syn, vedlikehald og reparasjonar var ikkje det verste. Dei kunne folk få beskjed om på førehand. Det var straks vanskelegare når straumen fordufta midt under middagslaginga. Halvkokte jordeple og lunkne kjøttkaker var ikkje akkurat det gildaste å by fram.

Elles kosta den nye kraftkjelda pengar. Men tariffsystemet var fleksibelt og fleire oppgjersformer var i prinsippet moglege. Såleis kunne abonnentane til "belysningspøiemed" velja mellom - "maaler med og uten grundavgift eller efter fast aarspris". Ljosabonntentar med "fast aarspris" måtte retta seg etter denne tabellen.

Watt	Metalltrådlampar	Koltrådlampar	Kroner pr. år
12	10		2,75
18	16	5	4,00
25	25	5	5,00
32	32	10	6,00
50	50	16	9,00
75	75	16	13,00
100	100	32	16,00
225	200/400	32	30,00

Eit ljosår talde på den tida 800 timar. Brukte ein meir enn dette, eller "der omgaaes uforsiktig med lyset", ville elektrisitetsverket "for tilfældet fastsætte tilsvarende høiere priser".

Straum til "drivkraft og andet teknisk bruk" representerte eit anna tariffområde. Valde abonnentane fast årspris, blei "motorenes paastemplede sammenlagte ytelsesevne" basis for rekninga.



Frå smia på Kvernelands Fabrikk. Det er plogdeler karane held på med (før 1940).

** Time Bibliotek.*

Elektrisitetverket la desse satsane til grunn i byrjinga:

1/20 hestekraft	9 kroner pr. år
1/10	14
1/5	22
1/4	35
1/2	60
1-5	100
5-20	90
20-40	80
40-60	70
60-100	60

Vart brukstida på over 2500 timar for året, laut slike storkundar ut med eit tillegg på "25% for hver 1000 timer eller deler derav". Det var såleis ei nær kopling mellom forbruk og kostnad, men berre opp til eit visst punkt. Verksemdar med fem motorar eller meir vart tilgodesett med gunstigare tariffar. Dei beste abonnentane skulle ikkje straffast!

Bøndene betalte ljosektinga "efter den alm. tarif". Men for "strøm til drivkraft" blei det oppdyrka arealet lagt til grunn. Avgifta var på 50 øre målet dei fyrste åra. Men ein gard kunne vera så mangt. Det nytta ikkje å slå småbrukarane i hartkorn med storbøndene. Styret i elektrisitetverket hadde vanskeleg for å avgjera kor grensa skulle trekkast. Saka blei sett på spissen i 1920 då Karl Holen søkte styret "om at bli fritat for at betale avgift for drivkraft grundet paa at han havde lidet Brug 21 maal".¹³⁵ Dette fann styret rimeleg og innvilga søknaden, men vedtok seinare at "Brug som har over 15 maal dyrket jord er...pligtig til at betale for strøm til drivkraft uanset om denne benyttes eller".¹³⁶ Olaf Kartevoild Øvre Time, som hadde eit bruk på 19,5 mål, søkte også om fritak, men fekk avslag.¹³⁷ Hadde styret fyrst sett ei grense, så laut den også fylgjast. Etter denne gjennomgangen fell det lett å slutta seg til O.

G. Kverneland sitt hjartesukk: "Som man vil forstå er det ingen let sag at udarbejde et fuldstændig tarif-forslag...".¹³⁸

Det er likt til at "alle" hadde meiningar om kraftpolitikken. Misnøya kunne også få meir organisatoriske uttrykk. Når "Timebyens Elektricitetsforbrugerens Forening" vart skipa, er usikkert. Men det kan ha vore så tidleg som i 1915. Folk i sentrum var skeptiske og ville tydelegvis ikkje finna seg i kva som helst. Men også i utkantane var folk levande opptekne med straumtariffar. Den nye utgiftsposten tyngde nok meir enn rekna med. Til styret kom difor fleire søknader både om avgiftsfritak og avgiftslette.¹³⁹ Klaginga hadde ikkje berre samanheng med dyrtida. Kraftkrisa og driftsunderskotet hadde bokstavleg tala sin pris. Straumtariffane blei justerte opp både i 1917, 1918, 1920 og 1921. "Siste gongen", skriv Barkved, "var det harde nauda som dreiv". Fyrst i 1928 blei det ein viss lette. Betre tider og ein tryggare økonomi opna for ein meir kundevennleg tariffpolitikk i 30-åra. Men det er ei anna historie.¹⁴⁰

8. Eit lettare og ljosare tilvære

Elektrisiteten sette utan tvil djupe spor i Time. Tunge arbeidsoperasjonar i industrien kunne elektromotoren om ikkje eliminera, så i alle fall gjera mykje lettare. Overgangen frå handkraft til motor-kraft opna for meir rasjonelle produksjonsopplegg. Dermed vart maskinkunne minst like viktig som den tradisjonelle handverkarkunnskapen. Krav om nye og andre kvalifikasjonar låg elles i forlenginga av denne utviklinga.

Straumen representerte også ein endringsimpuls på gardane. Å få skikkeleg ljøs i fjøsa må alt i alt ha skapt ein trivlegare arbeidsplass. No fall det vanskelegare å oversjå skiten og rusket som låg og slong



Netland-kiosken stod ferdig i 1920.

** Time kulturkontor.*

rundt forbi. Elles er det klart at elektromotorane også kunne letta arbeidet for bøndene. Allereie i 1915 innskjerpa styret for elektrisitetsverket at "Strømmen maa kun benyttes til drift av træskeverk, hakkelsesmaskin, separator...grøpekværn, sagning av ved til husbruk, vandpumpe til husbruk, gjødselsvandpumpe, slipesten o.l.". Det blei presisert at "andre redskaper maa kun drives efter tillatelse av verkets styre".¹⁴¹ For dei som dreiv med høns, og det gjorde mange i Time, kunne det kunstige ljuset også brukast til å auka verpefrekvensen.

Likevel er det nok rett å seia at straumen ikkje revolusjonerte jordbruksdrifta. Endringane kan på ingen måte samanliknast med traktoriseringa, mjølkemaskinane m.m. som kom etter krigen, i den prosessen som har blitt kalla "det andre hamskiftet". Men vender ein blikket mot bondekona og innesyslene, kunne straumen brukast både til lys, koking og oppvarming. Med lett regulerbare elektriske komfyrarar, stilbare strålovnar rundt om i huset, slapp bondekonene å springa med vedkorga til alle døgnets tider. Dei osande parafinlyktene kunne vidare stuvast til side, og reinslegare pærer kunne hengast i takbjelken. Med skikkeleg strykejern på garden kunne buksepressane til husbonden også gjerast endå stivare enn før.

Men kanskje var det, når alt kom til alt, det nye og sterke ljuset, som vekte mest oppsikt. Olav Aarrestad var berre småguten då Time fekk straum. "Men det var som eit eventyr", hugsar han. Då ljosa blei tende på stasjonen, fortona det heile seg som ei soria moria verd. Den veldige ljusstyrken gjorde inntrykk. At dei svarte leidningane høgt oppe i lufta var kanal for slikt eit ljosglimmer, var meir enn ein gutehjerna kunne fatta. Elles tykte han at dei blanke steinty snellene på stolpane var så forseggjorte.

Når det kom straum til gards, gjekk det ikkje lenge før den stor utepæra kom på plass, fortel Olav. Det var mest som den tids fjernsynsantennar. Pærene gav status og bar bod om framsteg og nye tider til grannar og kjenningar. Dessutan var det så gildt å få eit ljosare gardsrom. Det fall så mykje lettare å fylgja med på kva som føregjekk ute i mørke haust- og vinterkveldar. Og for hønschalдарane var det berre å skru på brytaren ved dørkarmen. Dei slapp no å gå ut i ruskevêret med den blafrande parafinlykta grytidleg om morgonane. Alt kunne ordnast frå gangen. Elles er det rimeleg å tru at tus-sar og troll også fekk eit skot for baugen. Ljos-strålene kom så nær...

9. Timeveven - noko for seg?

Me har i denne artikkelen sett på utviklinga i Time frå slutten av førre århundre og fram til 1930 på lag. Då kraftspørsmålet for alvor kom opp, var moderniseringa av heradet alt i godt gjenge. Tida var prega av folkevekst, store omleggingar i jordbruket, ein ekspanderande industri og servicenæringar i vekst. Nye økonomiske, sosiale, kulturelle og politiske skiljelinjer mellom by og land kom ut av denne omformingsprosessen. Desse brytingane fekk eit fortetta og symbolsk uttrykk då kommunen sin fyrstemann spionerte på doktoren. Som representantar for henholdsvis bonde- og bykulturen, møttest ordføraren og akademikaren som representantar for kvar si verd, den gamle og den nye. Plogentreprenøren O. G. Kverneland stod med ein fot i begge leirane, og fungerte nok i periodar som brubyggjar og formidlar mellom desse grupperingane.

Kraftstasjonen blei boren fram i spenningsfeltet mellom desse to kulturane. Den lange, og til tider omstendelege saksgangen, kan ikkje forståast på annan måte. Djupast sett var dette ein kamp om kor førarskapen i Time skulle ligga. Bøndene var ikkje motstandarar av det tekniske framsteget, men dei ville ha kontroll med utviklinga. Glei initiativet over på ivrige modernisatorar i sentrum, kunne det sleppast laust krefter som ingen var herre over. Dei tradisjonelle bygdeverdiane, med sterke islett av kris-tendom, utgjorde eit filter som dei nye impulsane vart sikta gjennom. Difor ser ein óg at vallistene langt på veg sprang ut av dei motkulturelle "sed og skikk"-sakene.

Sett i dette perspektivet kan elektrisitetsrevolusjonen i Time forståast som ein integrert del av ein meir allmenn moderniseringsprosess av samfunnet. For hevar ein blikket, framstår korkje kommunen eller jærregionen, som noko særst. I røynda var heile landet i støypeskeia på denne tida, og dei same tendensane kan sporast over alt i større og mindre grad.

Vel var somme område komne lenger enn andre, og ikkje alle stader var endringane og spenningane like sterke. Brotet med fortida blei f.eks. meir markant både på Jørpeland og i Sauda enn tilfellet var i Time. Men ei utvikling karakterisert ved befolkningsauke, nye driftsformer i jordbruket, industrialisering, bydanning, andre interessekonstellasjonar enn før går att. Tida frå 1870 til 1920 har blitt kalla "Det moderne gjennombruddet i bondesamfunnet" i Noreg.¹⁰² Og det same kan visst seiast om Time.

NOTER:

1. Det var Time kommune v/Asgjerd Taksdal som tok initiativet til denne artikkelen. Eg takkar for oppmuntring og gode råd undervegs.
2. Barkved, Ola, Time Elektrisitetsverk, i: Hognestad, Eivind, Time herad 1837-1937, s. 151.
3. Serigstad, Jan, Utviklinga i jordbruket i Time mellom 1865 og 1907, Hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Bergen, 1979, s.6.
4. Serigstad, Jan, op.cit., s. 6 og 12.
5. Time herad. Fram til 1987, s.340ff.
6. Serigstad, Jan, op.cit., s.1
7. "Time bygningskommune er opprettet iflg. kongelig resolusjon av 19. nobr. 1892", Time kommune, Time bygningskommune, Møtebok 1897-1920, Innlegg i protokollen.
8. Hovland, Edgar, Grotid og glanstid 1837-1920, i: Fl. forf., Folkestyre i by og bygd. Norske kommuner gjennom 150 år, Universitetsforlaget, 1987, s.76.
9. Serigstad, Jan, op.cit., s.61 og 103.
10. Serigstad, Jan, op.cit., s.103ff.
11. Serigstad, Jan, op.cit., s.75.
12. Serigstad, Jan, op.cit., s.75.
13. Serigstad, Jan, op.cit., s.170.
14. Det gjennomsnittlege talet var 7,17 i 1865 og 8,8 i 1907, Serigstad, Jan, op.cit., s.82.
15. Serigstad, Jan, op.cit., s.93.
16. Medan slaktevekta i 1865 lg p rundt 108 kg hadde den auka til 142 i 1907, Serigstad, Jan, op.cit., s.97.
17. Serigstad, Jan, op.cit., s.130.
18. Serigstad, Jan, op.cit., s.120.
19. Time herad fram til 1987, s. 134.
20. Serigstad, Jan, op.cit., s.170.
21. Serigstad, Jan, op.cit., s.83.
22. Time kommune, Fabrikktilsynet, Anmeldte bedrifter, 1915-1926.
23. Ibid.
24. Ibid.
25. Henta frå "budsjettdebattane" i heradstyret i det aktuelle tidsrommet; Time kommune, Formannskapet, Møtebok 1901-1910 I.
26. Time herad fram til 1987, ulike stader.
27. Serigstad, Jan, op.cit., s.8ff.
28. I arbeidet med listene har eg nytta bygdeboka, Time herad fram til 1987. Eg torer ikkje gå god for at alle opplysningane er korrekte.
29. Mjeldheim, Leiv, Folkerørsla som vart part. Venstre frå 1880åra til 1905, Universitetsforlaget, 1984, s.106.
30. Sunde, Kristian, Den første arbeiderbevegelse, i Stavanger på 1800-tallet, Stavanger 1975, s. 276.
31. Furre, Berge, Soga om Lars Oftedal, Det Norske Samlaget, Oslo, 1990, s.329-30.
32. Time kommune, Time bygningskommune, Møtebok 1897-1920, fol.25.
33. Time kommune, Time bygningskommune, Møtebok 1897-1920,fol.27.
34. Time kommune, Formannskapet, Møtebok 1901-1910 I, fol. 67-68.
35. Time kommune, Formannskapet, Møtebok 1910-1914 II, fol.31.
36. Time kommune, Formannskapet, Møtebok 1910-1914 II, fol. 126-27.
37. Time kommune, Formannskapet, Møtebok 1910-1914 II, fol.141.
38. Time kommune, Formannskapet, Møtebok 1910-1914 II, fol.202.
39. Time kommune, Formannskapet, Møtebok 1901-1910 I, fol. 148.
40. Time kommune, Formannskapet, Møtebok 1901-1910 I, fol.174.
41. Time kommune, Formannskapet, Møtebok 1910-1914 II, fol.25.
42. Time kommune, Formannskapet, Møtebok 1910-1914 II, fol.42-43.
43. Time kommune, Formannskapet, Møtebok 1910-1914 II, fol.61-63.
44. Var det berre "bybikkjene" som skulle skattleggast? Ja, meinte fleirtalet. Men saka kom opp att, noko som førte til at "gardabikkjene" heller ikkje slapp unna. Saka sette verkeleg kjenslene i sving, sjå Time kommune, Formannskapet, Møteboka 1901-1910 I, fol.40,43,48.
45. Time kommune, Valgstyret, Møtebok - kommunestyrevalg 1898-1971, 05.09.1913.
46. Time kommune, Formannskapet, Møtebok 1910-1914 II, fol. 237-238.
47. Nerheim, Gunnar, Elektrisitet til bygd og by - en sparebankoppgave, i: Penger spart penger tjent. Sparebanker og økonomisk utvikling på Sør-Vestlandet fra 1839 til 1989, SR-Bank 1989, s. 177ff.
48. Sletten, Vegard, Rogaland rundt. Natur folk arbeidsliv, Stabenfeldt Forlag, Stavanger, 1948, s.46.
49. Nerheim, Gunnar, op.cit., s.192.

50. Barkved, Ola, op.cit., s.146.
51. Time kommune, Formannskapet, Møtebok 1901-1910 I, fol.138.
52. Nerheim, Gunnar, op.cit., s.187.
53. Nerheim, Gunnar, op.cit., s.189.
54. O. G. Kverneland, Innberetning til heradstyret, august 1915; Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 8, frå 1921.
55. Ibid.
56. "TIL KONGEN. Time kommune ansøger om tilladelse til regulering af Haaeleven", dat. 27.02.1913, Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 4, frå 1921.
57. Ibid.
58. Time kommune, Formannskapet, Møtebok 1901-1910 I, fol. 144.
59. Den nøyaktige summen var på 20.380,17 kroner. Time kommune, Formannskapet, Møteboka 1910-1914 II, fol. 157.
60. Time kommune, Formannskapet, Møteboka 1901-1910 I, fol. 147.
61. Time kommune, Formannskapet, Møteboka 1901-1910 I, fol.147.
62. Brev til Thime heradstyre, dat. 11.05.1908, signert av Torkel Undhem Taksdal, Karl S. Udem og Nils Aarrestad; Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 1, frå 1921.
63. Brev frå O. G. Kverneland til Andelsselskapet Undhems Elektricitetsverk, dat. 23.04.1924; Time kommune, Time Elverk, Kopibok 1914-1921, fol.23.
64. Nerheim, Gunnar, op.cit., s.345 note 33.
65. Nerheim, Gunnar, op.cit., s.192
66. O. G. Kverneland, Innberetning til heradstyret, august 1915; Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 8, frå 1921.
67. Elektricitetsverk for Thime (Indstilling fra elektricitetskomiteen), Time den 4de juni 1912; Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 1, fr1921.
68. "Historikk" (mi nemning) "Avgit i August 1915", Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 8, frå 1921.
69. Ibid.
70. Sjø note 61
71. Time kommune, Formannskapet, Møteboka 1910-1914 II, fol.31.
72. Sjø note 52.
73. Time kommune, Formannskapet, Møteboka 1910-1914 II, fol.99.
74. Time kommune, Formannskapet, Møteboka 1910-1914 II, fol. 116.
75. Brev til "Gode Ven" datert 16.07.1912.
76. Sjø note 61.
77. Sjø note 61.
78. Brev frå O. G. Kverneland til "Gode Ven", datert 16.07.1912.
79. O. G. Kverneland, Innberetning til heradstyret, august 1915, Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 8, frå 1921.
80. Sjø note 61
81. Sjø note 52
82. Time kommune, Formannskapet, Møteboka 1910-1914 II, fol.198.
83. O. G. Kverneland, Innberetning til heradstyret, august 1915; Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdom., Mappe 8, frå 1921.
84. Utgreiing dat. 04.03.1913; Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 2, frå 1921.
85. Brev frå doktor Myhre til ordføreren dat. 30.01.1914. Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 5, fr1921.
86. Brev dat. 19.02.1914; Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 5, frå 1921.
87. O. G. Kverneland, Innberetning til heradstyret, august 1915; Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 8, frå 1921.
88. Time kommune, Formannskapet, Møteboka 1910-1914 II, fol.250.
89. Udatert brev frå Eivindt Hognestad til O. G. Kverneland, Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 5, frå 1921.
90. "Time Elektricitetsværk, Jæderen. Udatert brosjyre utarbeidd av leverandøren; i arkivet til Time Elverk.
91. Ibid.
92. Ibid.
93. O. G. Kverneland; Innberetning til heradstyret, august 1915; Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 8, frå 1921.
94. Barkved, Ola, op.cit., s.154.
95. Time kommune, Time Elverk, Forhandlingsbok 1914-1920, fol.8.
96. Time kommune, Formannskapet, Møteboka 1914-1920 III, fol.8.
97. Time kommune, Time Elverk 1914-1920, fol.29.
98. Time kommune, Time Elverk, Forhandlingsbok 1914-1920, fol.8.

99. O. G. Kverneland, Innberetning til heradstyret, august 1915; Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 8, frå 1921.
100. Brev dat. 23.07.1917; Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 9, frå 1921.
101. Time kommune, Time Elverk, Forhandlingsbok 1914-1920, fol.43.
102. Brev dat. 17.06.1918; Time Kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 9, frå 1921.
103. Brev dat. 28.06.1918; Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 9, frå 1921.
104. Brev dat. 09.08.1918; Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 9, frå 1921.
105. Brev dat. 14.09.1918; Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 9, frå 1921.
106. Udatert og usignert "historikk"; Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 9, frå 1921.
107. Barkved, Ola, op.cit., s.154-55.
108. Udatert og usignert "historikk"; Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 9, frå 1921.
109. Barkved, Ola, op.cit., s.153.
110. Nerheim, Gunnar, op.cit., s.195.
111. Nerheim, Gunnar, op.cit., s. 196.
112. Brev dat. 29.07.1916; Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 9, frå 1921.
113. Time kommune, Time Elverk, Forhandlingsbok 1914-1920, fol.55.
114. Time kommune, Time Elverk, Forhandlingsbok 1914-1920, fol.55.
115. Time kommune, Time Elverk, Forhandlingsbok 1914-1920, fol.56.
116. Brev dat. 03.01.1919; Time kommune, Time Elverk, Kopibok 1914-1920, fol.339.
117. Time kommune, Time Elverk, K.6 Bygningstegn, Kraftstasjonen.
118. Heradstyret godkjende kontrakten på møte den 14. april; Time Kommune, Formannskapet, Møteboka 1914-1920 III, fol. 285.
119. Aarsberetning for Time komm. Elektricitetsverk, fra 1/7-1919 til 30/6-1920, 5te driftsaar; Time kommune, Time Elverk, årsmeld./rekneskap, 1917-1924.
120. Time kommune, Formannskapet, Møteboka 1910-1914 II, fol.281.
121. Time kommune, Formannskapet, Møteboka 1914-1920 III, fol. 230.
122. Time kommune, Formannskapet, Møteboka 1914-1920 III, fol.282.
123. Sakspapir til heradstyremøtet 18.11.1918; Time kommune, Formannskapet, Møteboka 1914-1920 III.
124. Nerheim, Gunnar, op.cit., s.209.
125. Barkved, Ola, op.cit., s.164-65.
126. "Plan for Time kraftforsyning", dat. 06.03.1919; Time kommune, Time Elverk, K.6 Bygningstegn, Kraftstasjonen.
127. Barkved, Ola, op.cit., s. 161.
128. Barkved, Ola, op.cit., s.162.
129. O. G. Kverneland, Innberetning til heradstyret, aug. 1915; Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 8, frå 1921.
130. "Abonnementfordeling" 1919-1934; Time kommune, Time Elverk.
131. Time kommune, Aarsberetning for Time komm. Elektricitetsverk, 1/7-1919 til 30/6-1920.
132. Aarsberetning for Time komm. Elektricitetsverk, fra 1/7-1919 til 30/6-1920, 5te driftsaar.
133. Aarsberetning for Time Elektricitetsverk, fra 1/7-1929 til 30/6-1930, 15. driftsår; Time kommune, Time Elverk, Årsmeldinger/Regnskaper 1924-1930.
134. Er ikkje noko anna oppgjeve, bygger dette avsnittet på "Forslag til leverancebetingelser og tarif samt betingelser for utfrelse av lysinstallasjoner paa avbetaling for Thime kommunale elektricitetsverk"; Time Kommune, Time Elverk, Forhandlingsbok 1914-1920, fol.9-15.
135. Time kommune, Formannskapet, Møteboka 1914-1920 III, fol.68.
136. Ibid.
137. Time kommune, Formannskapet, Møteboka 1914-1920 III, fol.72.
138. Time kommune, Time Elverk, Kopibok 1914-1921, fol.368.
139. Brev dat. 29.07.1916; Time kommune, Time Elverk, Korr./saksdok., Mappe 9, før 1921.
140. Barkved, Ola, op.cit., s.163.
141. Time kommune, Time Elverk, Forhandlingsbok 1914-1920, fol.30.
142. Trond Nordby, Det moderne gjennombruddet i bondesamfunnet. Norge 1870-1920, Universitetsforlaget, Oslo, 1991.